

***Alver kommune
Teknisk forvaltning og drift***

***Innbyding til
open tilbodskonkurranse***

***Kravspesifikasjon vinterdrift
2024 - 2029***

Innhold

| | |
|---|----|
| Generelle bestemmingar | 3 |
| Funksjonsmål | 3 |
| Inndeling av det kommunale vegnettet i Alver i roder og vinterdriftsklassar | 3 |
| Prioritering av veier og vinterdriftsstandar | 3 |
| Leverandøren si plikt til å gjere seg kjent på roda | 4 |
| Vinterdriftsplan | 4 |
| Beredskap | 4 |
| Leverandør sin beredskap | 5 |
| Beredskapsplan | 5 |
| Oppdragsgjevar sin beredskap | 5 |
| Oppdragsskildring - brøyting og strøing | 6 |
| Generelle krav til maskiner og utstyr | 6 |
| Reservemaskin og -utstyr | 7 |
| Krav til personell | 8 |
| Generelle info til arbeidet | 8 |
| Prising av tilbod | 9 |
| Sanksjonar | 9 |
| Ulike atterhald | 10 |

Generelle bestemmingar

Alver kommune skal for vintersesongen 2024/2025 ha på plass nye kontraktar for vinterdrifta. Kontraktsperiode er på 3 år, med opsjon på 1 år to gangar. Maks lengde vil difor vere 5 år, frå 2024 til 2029.

Funksjonsmål

Vegen skal vere framkomeleg for brukarar som er normalt utstyrt for vinterkjøring. Det skal gjennomførast tiltak som gir godt nok veggrep for dei vegbrukarane som er hensiktsmessig skodd for forholda. Det gjeld køyrande, gåande og syklande.

Inndeling av det kommunale vegnettet i Alver i roder og vinterdriftsklassar

Vegnettet i er delt inn i 31 roder, med ein total lengde på 346 km. Oppdaterte roder skal til ein kvar tid ligge i nasjonal vegdatabank (NVDB). I vedlegg 5: "Brøyteroder" er alle rodane skildra i meir detalj.

Prioritering av veier og vinterdriftsstandar

Vegnettet i kvar roder er delt inn i tre ulike vinterdriftsklassar: A,B og C. Vinterdriftsklassene sett premissane for korleis Leverandør skal gjennomføre arbeidet med vinterdrift på ei rode. Vedlegg 3: "Vinterdriftsstrategi for Alver kommune" skildrar desse premissane i detalj, og det er viktig at Leverandør sett seg godt inn i strategien.

Av omsyn til trafikksikkerheit og framkommelegheit, skal dei trafikkareala som er sterkest trafikkert prioriterast først – jfr. inndelinga i vinterdriftsklassar. Oppdragsgjevar har gjort ei vurdering av prioritering etter tidlegare erfaringar, og Leverandør skal legge opp gjennomkjøringa av roda slik at dei ulike vegane held standarden i vinterdriftsstrategien.

Gjennom kontraktsperioden er det moglegheit for endring av vinterdriftsklassar på dei ulike vegane. Oppdragsgjevar kan, på eige initiativ eller i samråd med Leverandør, endre klassane der det vil vere hensiktsmessig for å kunne oppnå ønskja standard på vegane. Leverandør pliktar å melde i frå i situasjonar der dei meiner klassane som er satt på vegen ikkje er god nok for å oppnå trafikksikre forhold.

Leverandøren si plikt til å gjere seg kjent på roda

Det er føreset at Leverandør set seg godt inn i rodane som det blir gjeve tilbod på. Leverandør må sjølv gjere vurderingar om gjennomkjøringstid basert på dei krav som er satt i forhold til arbeidet, jf. vinterdriftsstrategi. Leverandør må også sjølv vurdere kva maskin og utstyr som er tilstrekkeleg for å gjennomføre arbeidet på rodane.

I løpet av kontraktsperioden skal Leverandøren setje seg inn i eventuelle endringar som blir gjort med roda. Førre kvar vintersesong skal leverandøren synfara eigen rode for å avdekka forhold som kan påverka arbeidets framdrift og kvalitet. Dette gjeld m.a. tre og buskar som veks for nære vegen, kummar som ligg for høgt, steinar, bilar og liknande som står plassert i vegbanen og dessutan andre forhold som kan hindra eller skada utstyr under utførsel av arbeidet. Leverandøren skal etter denne inspeksjonen hurtigast mogleg varsle oppdragsgjevar om desse forholda skriftleg.

Vinterdriftsplan

Leverandør skal utarbeide ein vinterdriftsplan for gjennomføring av arbeidet. Ved oppstart av fyrste vintersesong skal plan vere godkjent av kommunen. For dei følgjande åra i kontraktsperioden skal vinterdriftsplanen vere sendt inn og godkjent av oppdragsgjevar innan 1. september kvart år. Vinterdriftsplanen legg grunnlaget for korleis Leverandør skal gjennomføre kontrakten med oppdragsgjevar, og oppdragsgjevar kan ved høve krevje gjennomgang av utføring etter godkjent plan.

Vinterdriftsplan skal innehalde:

- Tilgjengeleg utstyr og lager, inkludert reserveutstyr. Det gjeld både eige og innleidt.
- Skildring av rutinemessig vedlikehald og kalibrering av utstyr.
- Rutinar og kontaktinformasjon med utstyrleverandørar/reparasjonar av utstyr.
- Interne varslingsrutinar knytt mot utkalling, tid for start / stopp arbeid.
- Skiftordningar og vaktlister der det tatt omsyn til kviletidsbestemmingane i arbeidsmiljølova.
- Arbeidsmiljølova: dokumentasjon på eventuelle dispensasjonar for utvida rett til overtidsarbeid.
- Beredskapsplan, jf. avsnitt om beredskap.

Beredskap

Kvar rode skal ha beredskap i perioden 15. oktober til 15. april. Ved særskilte høve der, vêrsituasjonen tilseier det, vil denne perioden kunne utvidast av oppdragsgjevar. Tillegg for eventuell ekstra periode er på: kr 1000,- (eks. mva.) per oppstarta dag.

Beredskapstillegg er på: 150.000 (eks. mva.) kr .- pr. rode pr. år. Tillegget blir utbetalt 2 gonger i året; ein halvdel 15.11 og resten 15.3.

Leverandør sin beredskap

Leverandørane må vera i døgnkontinuerleg beredskap for utrykking til kvar og ei tid i vinterperioden. Leverandøren skal utan opphald setja i gang alle typar arbeid som er skildra i desse dokument og innanfor dei tidsrammer som gjeld. Arbeida skal gå føre seg utan ugrunna opphald heilt til arbeidsoppgåva er fullført.

Det er ein føresetnad at alle maskinførarar blir nådde pr. mobiltelefon i heile vinterperioden. Mobiltelefon skal difor alltid vere på og tilgjengeleg hjå alle maskinførarar i arbeid. Alle kostnadar som er knytt til innkjøp og bruk av mobiltelefon ligg til leverandøren og vert dekt gjennom dei prisane som er gitt.

Beredskapsplan

Leverandør skal etablere ein ordning med kvilande vakt for eigne arbeidstakrar og beredskap for maskinar som er knytt mot vinterveghaldet, inklusiv underleverandørar, som sikrar rask og korrekt utkalling av mannskap og maskinar døgnet rundt, når tilhøva krev det. Beredskapsplan skal til ein kvar tid vere oppdatert. Før kvar sesong skal beredskapsplanen sendast inn til oppdragsgjevar saman med vinterdrifspanen.

Oppdragsgjevar sin beredskap

Oppdragsgjevar har etablert ordning med døgnkontinuerleg vakthavande som kan kontaktast ved behov. Den vakthavande hjå oppdragsgjevar har også fast ansvaret for følgjande:

- Kalle ut Leverandør til brøyting, strøing eller handtering av overvatn dersom kommunen ser det naudsynt.
- Kan i lag med Leverandørane ta avgjerdsalar for gjennomføring av tiltak ved behov.
- Kontrollere at vedtatt vinterdriftsstrategi vert tilbydd trafikantane.
- Rapportere om større avvik til vegavdelinga si leiing og utførande Leverandør.
- Følgje opp tiltak i samarbeid med kontaktraktørane viss det skjer uføresette hendingar som t.d. snøras, flaum, oljesøl og nedfall av tre.
- Svare på førespurnadar frå publikum og Leverandørane når det gjeld vinterdriftsstandarar og den operative utføringa.

Oppdragsskildring - brøyting og strøing

Oppdraget gjeld leige av maskinar med førar til vinterdrift av kommunale vegar, plassar og gang-/sykkelvegar i samsvar med skildring og rodekart som er lagt ved. Med vinterdrift meiner vi snøbrøyting, snøfresing og rydding av kryss o.l., samt strøing for forbetring av friksjon på vegen, gangvegar, fortau, plassar og kryss. Det kan ikkje reknast med fast arbeidstid, då vær og føreforhold kan krevje arbeidsinnsats heile døgnet.

Leverandøren pliktar sjølv for at igangsetjing av brøyting og strøing skjer ut i frå vær og føreforhold i samsvar med dei instruksar som ligg føre for brøyting og strøing av kommunale vegen i Alver.

Leverandør står sjølv ansvarleg for å ha god nok kjennskap til rodane som blir gjeve tilbod på, jf. leverandøren si plikt til å gjere seg kjent på roda. Eventuelle uklarheitar eller usemje om informasjonen gjeve om rodane, og eventuelle spørsmål om riktig forståing av tilbodsgrunnlag må takast opp med oppdragsgjevar via Mercell i tidspersonen for spørsmål.

Dei ulike rodene som det er mogeleg å gjeve tilbod på er gitt i vedlegg x – Brøyteroder. Ut i frå rodestorleik og gjennomkjøringstid skal tilbydar vurdere behovet for fleire brøyte-/strøeininger for å oppfylle dei krav som ligg til arbeidet.

Generelle krav til maskiner og utstyr

Leverandøren held alle maskiner og utstyr som er naudsynt for gjennomføring av oppgåvene på den enkelte rode. Vedlikehald og reparasjonar er leverandøren sitt ansvar, og må i sin heilheit betalast av denne. Naudsynt oppstillings- og lagerplass for maskiner og utstyr vert og halde av leverandøren.

Leverandøren må, innan kontraktsperiodens oppstart, legge fram for godkjenning ei oversikt over utstyr som skal nyttast i kontraktarbeidet.

Det vert kravd at alle maskiner og utstyr som blir nytta til vinterdrift er av godkjent type, og har alle nødvendige godkjenningspapir. I tillegg må alle maskiner og utstyr vera av god standard og ha nødvendig kapasitet for gjennomføring av dei oppgåvene som er beskrive og innanfor den tidsfristen som gjeld.

Kvar rode skal minimum ha ei hovudmaskin og utstyr som stetter krava i lista:

- Traktor med minimum 100 hk. Traktor skal vurderast i forhold til utforming av dei ulike vegane og fortau i rodane. Leverandør må sjølv vite at traktor kan utføre oppdraget etter krav i strategi.
- Frontmontert plog / kommunalblad (asfalterte vegen)
- Der det er grusvegar - Bakmontert skjær med hjul
- Slitestål må haldast av leverandøren
- Tallerkenspreiar – sjå eiga avsnitt for meir info.
- Traktor skal ha naudsynt kapasitet til å transportere frontmontert plog/skjær og bakmontert strøutstyr eller fres i oppløfta stilling ved køyring til og frå oppstillingsplass og

start/sluttpunkt for arbeida.

- Traktorar som blir nytta i vinterdrifta skal vera utstyrt med gult blinkande varsellys av godkjent type.
- Traktorar som blir nytta i vinterdrifta skal det finnast godkjent brannsløkkingsapparat og førstehjelppskrin.

Leverandør kan, i tillegg til traktor, ha andre maskinar tilgjengeleg til å utføre vinterdrift på rodane. Leverandør er ansvarleg for at maskiner og anna utstyr må vera tilpassa dei ulike roder der dei skal utføra arbeid og ikkje vera større enn at dei kan nyttast på dei ulike vegane/gangvegane/fortaua innanfor den enkelte rode. Dersom oppdragsgjevar meiner at tilleggsmaskin ikkje utfører vinterdrift i samsvar med krav som er satt til roda, vil leverandør kunne bli beordra å utføre vinterdrift med hovudmaskin.

Der kontraktarbeidet ikkje kan gjerast i tråd med kontraktens krav, grunna utstyr som ikkje held god nok stand, pliktar Leverandøren å etterkomma pålegg frå oppdragsgjevar om utskifting, tilpassing eller liknande av maskiner for å møte dei krav som ligg til utstyr. Dette må gjerast omgåande når påleget blir gjeve.

At oppdragsgjevar godkjenner lista med maskiner og utsyr fratar ikkje Leverandøren frå ansvaret med omsyn til at utstyret skal vere av godkjent type, og vedlikehalda forsvarleg. Ei godkjenning frå oppdragsgjevar gjer heller ikkje fritak frå leverandøren si plikt til å sjekke eventuelle avgrensing på størrelse og liknande med omsyn til å kome seg fram og mogelegheit for skade på omgivnadane.

Tallerkenspreiar

Oppdragsgjevar krev sjølvlastande tallerkenspreiar. Der Leverandør sjølv har utstyr for lasting av spreiar vil det vere tilstrekkeleg med ein tallerkenspreiar som ikkje er sjølvlastande. Spreiaren skal legge ut same mengde strømmiddel pr. kvadratmeter, uansett hastigkeit og breddeinnstilling (vegavhengig køyring). Strømbreidde og mengde strømmiddel må kunne styrast frå førarhuset. Spreiaren skal vise total mengde forbruk. Kalibrering av spreiar skal utførast 2 gonger per sesong, før sesongstart og etter årskifte. Dette skal dokumenterast at blir utført, og sendast til oppdragsgjevar. Forbruk av strømmiddel skal rapporterast til oppdragsgjevar ved fakturering, og skal også kunne oppgjevest ved førespurnad frå oppdragsgjevar.

Reservemaskin og -utstyr

Leverandøren skal disponere reservemaskin og -utstyr som kan setjast inn på kort varsel ved eventuelt havari på eiga maskin eller utstyr. Leverandøren må straks melde frå til vakthavande viss maskiner eller utstyr blir sett ut av drift grunna havari eller andre årsaker, når dette kan føre til endringar i beredskap eller framdrift. Manglande tilbakemelding som medfører auka kostnad for kommunen vil medføre økonomiske konsekvensar for leverandør.

Reservemaskinen skal oppfylle dei same minimumskrava som angitt for hovudmaskin.

Krav til personell

Sjåførar må ha alle nødvendige sertifikat og ha tilstrekkeleg opplæring i bruk av maskiner med tilhøyrande utstyr. Alt personell skal etter førespurnaden til oppdragsgjevar kunna dokumentere tilstrekkeleg opplæring i bruk av brannsløkkingsutstyr og dessutan i elementær førstehjelp.

Leverandøren har plikt til å disponere reservesjåfør med nødvendig opplæring og tillatingar ved sjukdom eller anna fråvær hos den faste sjåfören.

- Alt mannskap som er involvert i vinterdrifta må ha gjennomført eit fire-timars fagsamling i vinterdrift. Kommunen kallar inn til denne samlinga. Dette repeterast om oppdragsgjevar ser det naudsynt.
- Alle operatørar skal ha Arbeidsvarslingskurs 1 («Arbeid på og langs veg»-kurset.)
- Personell skal ha kjennskap til riktig innstillingar og bruk av utstyret som Leverandør brukar for å gjennomføre arbeidet.

Generelle info til arbeidet

Brøyting skal vere gjort etter dei brøyterodene som er registrert i NVDB, og eventuelle vedlegg. Brøyting og strøing skal vere utført i samsvar med dei krav som er satt.

Rapportering

Kvar maskin skal vere utstyrt med GPS teknologi levert frå oppdragsgjevar. GPS skal vere operativ til ein kvar tid når ein utførar oppdrag på vegne av oppdragsgjevar. Data frå GPS logg vil vere grunnlaget for all fakturering. Oppdragsgjevar vil bruke informasjonen frå rapporteringa som ein kvalitetskontroll mot fakturagrunnlaget. Manglar/feil ved GPS skal meldast straks ein er kjend med det til fagansvarleg veg eller vakthavande.

Renovasjon

Oppdragsgjevar samarbeider med renovasjonsfirmaet i regionen (NGIR) for at dei skal kunne leve sin teneste til befolkninga i kommunen på ein trygg og sikker måte. Det fordrar at man tek omsyn til renovasjon i vinterdrifta. Konteinrarar og bosspann skal ikkje sperrast inne. Snøen skal fjernast frå området desse objekta står. NGIR har eiga kart som visar tømmepunkt og kontainerar som vil bli gjort tilgjengeleg for Leverandør. Dersom større avvik blir innmeld frå NGIR vil Oppdragsgjevar gje Leverandør beskjed.

Brøytestikk

Leverandøren skal ilag med oppdragsgjevar vurdere behovet for brøytestikk. Oppdragsgjevar vil, om naudsynt, leige inn ein eigen leverandør av denne tenesta.

Vegsperringar grunna snø

Ved vegsperringar på grunn av fonner og ras, eller andre årsaker, skal leverandøren straks gi melding til vakthavande hjå oppdragsgjevar. Naudetaten skal varslast på 112 viss det er fare for at

menneskjer kan vere råka av situasjonen. Driftsleiar eller vakthavande skal og varslast ved skader på veg, og høve som kan vere til fare for trafikken.

Kontakt med publikum

Leverandøren skal ikkje ha direkte kontakt med publikum. Der utførande arbeidar for Leverandør likevel blir direkte kontakta av publikum høve vinterveghaldsarbeidet skal hen vise til oppdragsgjevar sin vakthavande. Vakthavande til oppdragsgjevar loggførar alle innspel frå publikum, og vil vidareformidle dei relevante innspela til Leverandør.

Brøyteskadar

Skadar som oppstår ved brøyting skal meldast inn til vakthavande i kommunen. Skada skal dokumenterast med skadetidspunkt og bilet. Vegavdelinga kan ved behov kalle inn leverandør til synfaring av skadeområde for vurdering av størrelsen på skade. Leverandør er ansvarleg for å dekke kostnader ved behov for reperasjon.

Prising av tilbod

Leverandøren skal ved prising av tilboden gje faste timeprisar, som gjeld uavhengig av om det er dag/natt, vekedag, eller kva slags personell eller utstyr som nyttast i samband med kontraktarbeidet. Det vil sei at naudsynt overtidstillegg er inklusiv i dei prisane som vert gitt. Alle prisar skal vere fullstendig og dekke alle kostnadene i høve til de føringar som er gitt for gjennomføring av kontrakten.

Sanksjonar

Ved mangefull utføring av avtalen, kan oppdragsgjevar krevje prisavslag, og ved alvorlege kontraktsbrot krevje heving av avtalen. Alvorlege kontraktsbrot kan være gjentagne manglar ved arbeidet, eller manglande utstyr for utføring av oppdraget. Viss leverandøren ikkje etterkjem pålegg frå oppdragsgjevar om å skaffe maskinar som oppfyller oppdragsgjevars krav, er det grunnlag for heving av avtala.

Ved heving av avtala grunna forhold hos leverandør, har oppdragsgjevar rett til dekning av sine ekstrakostnader som følgje av hevinga.

Oppdragsgjevar kan ilegga leverandøren dagbot ved mangefull utføring av avtalen. Kvar påbegynte dag som det mangelfulle forholdet ikkje er retta opp i, kan oppdragsgjevar gjeve dagbot for.

Dagbota utgjer 5 000 kroner. Dagbota gis per rode det er avdekka manglar. Det er ikkje eit øvre tak for dagbot som kan gis i kontraktsperioden per rode.

Viss oppdragsgjevar må utføre arbeider for leverandøren fordi leverandøren ikkje oppfyller sine pliktar etter avtalen, blir det et tilleggsgebyr på kroner 20 000 per aktuelle rode. Dette gjelder kvar

gang oppdragsgjevar må utføre arbeid for leverandøren på grunn av forhold på leverandørens side.

Leverandør har forplikta seg til å bruke spesifikke maskiner for utførsel av arbeid på rodene. Leverandør har angitt euroklassen/steget på motoren til maskinene. Oppdragsgjevar kan ilette dagmulkt på 5 000 kroner viss leverandøren benytter anna maskin enn det som er oppgitt, og den maskinen har dårligere euroklasse/steg enn det leverandøren har forpliktet seg til å bruke. Dette gjelder per rode.

Viss leverandøren har angitt betre euro-/stegklassifisering enn det maskinen har, kan oppdragsgjevar ilette dagbot på 2 000 kroner frem til leverandøren har bytta ut den aktuelle maskinen med en annen maskin med euroklasse/steg lik eller betre enn det som leverandøren forplikta seg til i sitt tilbud.

Ulike etterhald

1. Vinterveghaldstandarden kan av budsjettmessige årsaker bli endra frå år til år i kontraktsperioden. Alver kommune må difor ta etterhald om at slike justeringar kan førekommme, og at det ikkje vil bli gitt økonomisk kompenasjon viss det vert innført ein lågare standard.
2. Mindre endringar kan førekommme i rodane. Vegar kan bli lagt til/fjerna. Om dette skjer skal oppdragsgjevar skriftleg varsle Leverandør.